

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 39

Fylke: Hordaland

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Strandvik

Emne: Høytidsmat ved
familiefester.

Bygdelag: Revnestrand

Oppskr. av: Mari Haga

Gard: Haga

(adresse): Balderheim

G.nr. 105 Br.nr. 2 og 3

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

A. Fødselen.

1. Frå gammalt har det vore skikk her i bygden at grannkonor og skyldfolk gjekk med senggamat til barselkonor. Nære skyldfolk vitja kvarandre i slike høve om ein budde nokso langt borte i andre bygder og. Då var det grusast om grauten ikkje var vorten heilt kald når ein fram var kommen. Skikken å gå med senggamat held seg framleis.

2. Det vanlige var at ein gjekk enkeltvis. Men høvde det slik at der var to konor i eit hus som skulde gå, sosome kårkona og ungekona, so gjekk gjerne dei i lag.

3. Det var ikkje vis å gjera avtale med andre konor om kva ein bar med seg, kvar laga til det ein sjølv vilde gjera.

4. I eldre tid måtte dei aller meraste, so som mor og svigermor, koka grauten so snart dei fekk veta at alt var vel overstende, om so det var same dagen.

Andre skyldfolk og grunnkonor kom frå tidje dagen og framover. Helst skulde ein koma med senggjamatn medan barselskona låg. Men det var ikkje so mange dagar i eldre tid. Seinare, etter her kom utdanna jorvmødre i bygdene, vart det vis at kona låg 8-9 døger. Då vart det til at dei som gjekk med senggjamat kom seinare i turen, gjerne ikkje før veka var liden. Berre mor og vermor må framleis koma på vitjing første eller andre dagen.

5. Hvor kona gjekk berre ein gong med senggjamat.

6. Den vissaste senggjamatn var ryomegraut, og dei aller meiraste laut stött ha det.

Når ein gjekk til husmannskonor eller fatigkoner tok ein gjerne med eitkvart anna attåt grauten, s. d. eit ryggbytte søtunjolk, eit kjøllår eller annan mat.

8. I eldre tid vart grauten boren i "senggjamatambra". Disse ambraene var fine og forseggjorde med utskurd eller sviroser. Seinare var dei rosemåla. Kring 1870 åra tok ein og til å bruka rosute krusefat og terrinar.

9. Den mat ein bar til senggjekonone var her kalla "senggjamat".

10. Det var alltid kona sjölv som gjekk med senggjamat sosant ho var flakkför. Men var noko i veien med henne kunde ho senda tenestjenta eller vaksi dotter.

11. Det var ikkje det vanlige at mannen fylgde kona på slike vitjingar. Berre om det var roandes veg ein skulde fara, då var gjerne mannen med og rodde, og vart då sjølvsgt med til tuns.

12. Dei som kom med senggamat skulle ha traktering. Det var lefsa, bakstekaker, smør, ost og kaffi. Og so skulde dei smaka på dei grøntane som før var komne. Ein har ikkje høyrte om nokon forskjel på trakteringa om barnet var gut eller jente.

13. Hørde det slik der kom fleire koner samstundes kalla ein det "senggamat-vettla".

14. Dei som kom med senggamat vart alltid trakterte med same, så sant der var kvinner i huset til å stella. Men var der ingen til å setja mat fram so vart konene bedne å koma att ein fastsett søndag etter at sengjekona var oppattkornen. Ei slik samkoma kalla dei "kåne-vettla".

15. Det var berre til gifte mødrer ein gjekk med senggamat openlyst. Det künde henda einkvam mere skyldfolk koka ryome-graut til ei ugift mor. Men det laut skje i dulla, og ein gjekk med den berre om kvelden, eller so at ingen måtte sjå eller skynna kva erend dei fór i. Dei skulde heller ikkje ha nokoslags traktering.

16. Pålåg kring 1920 var det dei her

først tok til å bruke kondittorkaker, kringla og himmelaga bløttkaker til senggamat. Senere tok ein og til med å sende blommar til sengjekonone.

17. Ein har ikkje høyrte om at konone før brukte å ha med seg noko gåve til barnet.

18. So vitt ein kjemmer til er det heller ikkje no i bruk av bygdefolket å ha gåver med til barnet. Men ein har høyrte at innflyttara og bykonor har med snåkler, sokkar og fine trøyer til det neste. Då har dei ikkje "senggamat" til kona, men frukt, sjokolade eller blommar og gause slike ting.

19. Når ein hadde barnedåp var der alltid som ein fest om kvelden.

Fadranne kom om morgoen. Slektninger og næraste grannar var innbedne til ettermiddagen. Var det hos unge folk vart gjerne ungdommane på garden ogso innbedne. Og der kunde vera stykke mætro utover kvelden, gjerne dans ogso, om der var nokon til å spela.

Ein kan ikkje seija at det var det vanlege å dansa i barsel. Men om det hende var det ikkje noko som folk tykte åofått med.

20. Dåpsselskapet hitte barsel.

21-22. Det var berre fadranne som hadde matsending med til barslet. Og det

dei hadde var grant. Ho som bar barnet til dåpen, "kåne-gudmoro", hadde tyornegrant, dei andre hadde blandingsgrant eller berre mjølkegrant med smørava.

Matssetelen for dagen var før dei reiste til kyrkja klinge-fat, ferskfisk og kaffi. Etter kyrkjevisa var det kjøt og sodd. Til dess var det berre fadrarne som var gjester. Etter middagsmaten gjekk far til barnet og bad im grammae, om dei ikkje var bedne på heimvegen frå kyrkja. Skyldfolk var gjerne bedne før. Då desse var komne var det klinge-fat og kaffi først. Kveldsmålet var smør, fisk og flatbrød med öl til. (Gullet kjøpte dei hos gastgjevaren i grambygda.) Seinast på kvelden, eller natta, var det grauten. Berre ein grantambar om gongen vart sett på bordet, fyrst på øste bordsenden, og so flutt nedover bordet etterkvart dei fyrste som åt la skeiene frå seg. Kånegudmoro sin grant vart fyrst sett på bordet, so den eldste mannfadder sin grant, so til andre og tredje, og sist kom grauten til ho som hadde teke buva av barnet, kånegudmoro. Då grantmålet var ete gav alle pengar. Ein veit om at ^{frå}kring 1880-90 åra var det fast skikk at kånegudmoro og eldste mannfadder gav kvar to kroner, dei andre fadrane og imbedne ystemne gav ei krona kvar. Denne skikken held seg til fram mot fyrste verdenskrig. Då vart det snykke slutt med å be andre gjester ein fadrane til barsel.

23. Frå kring 1910-20 var det fleirs og fleir som slutta med å ta mot pengar i barsela. Fadrane var tekne til å gjeve pen, ti eller fleir kroner. Og dette minste vart folk vart fornykke kostna. So tok dei ikkje mot pengar. Då vart det skikke at fadrarne gav barnet ei gáva i sylv, teskeier, ei spiseskei eller ein slik ting. Eller dei la pengar i konvolut med barnet sit namn på og gav den. På same tid vart det og slutt med at mormofadrar haddi grant med, berre dei to gudmørene haddi det. Dei seinste ára er granten mest heilt sløyfa. Istaden har dei no med seg bløtkaker eller kringler. Og faddergáva til barnet gjev dei fleste.

B. Fødselsdag.

24. So vitt ein har høyr vart ikkje årsmålsdagar feira på jamn, korkje for born eller vaksne i eldre tid. Berre i enkelte heimar vit ein om at ein for 60-70 år sidan, og kanskje før, bruka dei å ha eitt bette matmål den dagen nokon fyllte år, anten det var barn eller vakse. Men utover det vart det ikkje gjort nokon stas av dagen.

25.-26. No i den seinste tid er det vorte skikke at ein imman buslyden har eit festmål med kaker, kringla og sjokolade når nokon fyller år. Noko innbying av fester er det

berte ved runde tal. Men det er slett ikke vanlegt hos alle då huller. Dei fleste lest aldri gå, og ansar ikke om den dagen meir enn andre dagar. Men seinste åra har sume teke til med å gå sjølvbedne til folk og gratulera dei med dagen ved runde tal, mest til folk på 50-60 og oppover. Dette er ein skikk som innflyttara og byfolk er komne inn i bygda med.

27. Deigjester som vert bedne til ein årsmålsdag har som jamrast gåvor med seg. Likvins dei som kjem der sjølvbedne har og oftast eitkvart med, blommar, frukt eller ei bok.

I åre etter krigen er det vorte vis å be inn til barneselskap når born fyller år. Dei har og med seg gåvor som høver til born.

28. Ein kjemmer ikke til at dei hadde nokon sers matrett til årsmålsdagane i eldre tid.

29. Den trakteringa som no er bruka ved slike dagar er sjokolade, kringla og bløtkaka. Ein har ikke høyrst at dei har bruka å ha lys på kaka her i bygda einno.

C. Konfirmasjon.

30. So lenge attende ein hugsar var det vis å gjera seg føre i matvegen so bra råd var når ein skulde ha

konfirmasjon. Dei fleste tok då eit blakt so dei hadde ferkt kjøt då dei kom heim frå kyrkja. Og ein laga alltid både bakstekaker og fransa kaker til ei slik helg. Fyrsta ein minnst var det og bruka å laga til klinge-fat som ein hadde på bordet til frukost og kvelds. Dei fadrar som på forhånd hadde gjeve konfirmanten gavor vart gjerne innbedne, om so dei budde i nærheita. Men der var ikkje noko slik festing utover kvelden som ved barnedåp.

31. No held dei fleste konfirmasjonselskap. Ein kan segga det har kome mest i bruk desse åra etter krigen. Det var byfolk og slike som var idnflutt andre stader frå som også førde den skikken med seg.

32. Dei som vert bedne er slektningar, konfirmanten sine fadrar og vener, og elles vener av huslyen. Samt ber og læraren og kona.

33.-34. Horkje i eldre tid eller no gav nokon matsendingar til ein konfirmasjon. Men før var det vis at fadrane, allvist gudnære, gav til konfirmanten ei gava, salmebok, nyktstamte, regnhatt, ei pengegava eller eitkvart anna naudsynt. Dette gav dei i so god tid før konfirmasjonen, at foreldri ikkje strong kjøpa dette.

9
No er det slik at alle innbedne gjester
gjer konfirmanten ei gåve ved sjølve
festen. Han får og gjerne gåvor frå
slektingar som bur lengre borte og
ikke kan verta med i vettla.

35. Nei, dette kjenner ein ikke til.

D. Bryllup.

36. Ein minnst der var halde belevettla
i jenta sin heim når trulovinga var viss.
Første gangen jenta som trulova kom til
guten sin heim vart der og stult til vettla.
Den vart kalla heimsena, sume sa
heimsjånevettla. Til desse gjesteboda bad
ein inn skyldfolk av dei næraste på bae sidor.

37. Ein gjorde mykje omir stas av desse
trulovingsgilda i eldre tid. Der vart både
bata og stult til på beste vis. No for tida
har sume eit lite lag, helst i jenta sin
heim når dei trulova har bytt ringar.
Men det er vistnok dei fåaste som gjer
nokon stas av den ting no.

38. a. Før i tida då dei brukte å halda
brudlaupsafta kom gjestene til tuns i
kveldinga. Då var der to mål mat.
Første og andre brudlaupsdagen var det
fem matmål kvar dag. Og tredje dagen
var det to mål. Den var reisedag.

b. Brudlaupsafta var første målet
skre (pinke) og flattbrød og blodpölsa eller
blodkornle. Andre målet var raudrade.
Brudlaupsdagen første målet klinge-fat

og kaffi. Andre målet var det smør, fisk, bröd og öl. Då dei kom frå kyrkja var det kjøt og sodd. Fjerde mål var klingefat og kaffi. Og femte mål (om natta) var det ryomegraut (brudgomgrauten.)

Andre dagen var det først klingefat og kaffi. Andre målet då var kjøt og fleisk og sodd. Tridje målet (då brura var skauta) var det mjölkegraut, bruragrauten.

Før folket då gjekk frå borda skjenkte brudgomen dram og brura delte ut skjifting, det var to fodnabrödskjiver og ei sötostskiva til kvar gjest. Brurpikena bar skjiftingekorga med skjivene i.

Fjerde mål var klingefat og kaffi.

Femte mål (om natta) var det smør, fisk, bröd og öl.

Tridje dagen var det klingefat og kaffi til frukost. Andre målet kände det vera smør, fisk og bröd, eller spekeflesk og spekekjøt og bröd, eller nokka av bae desse retter, og so med mjölkesupa attåt. Ein kalla det jagesupane, for då skulle gjestene fara.

Til frukost andre og tridje dagen bruka dei å leggja fint oppskårne skiver av spekeflesk og spekekjøt oppå klingefata.

c. Det som plent høyrde til ved kvart brudlaup var først og framst grauten, brudgomgrauten førstedagskvelden, og bruragrauten andre dagen. Men ellers kan ein segja det var fast skikk også med dei andre mål og retter som her er nemnde.

d.) Om dette er det mest forbalt i b.

Etter gjestene var reiste tidde dagen var det kokk og klevakoner til å vaska opp og sjå til å få bringt til rettes att alle lante ting, skeier og kjøeld av ymse slag.

Leiesvinnane hjelpte gjerne til å få ut bord og benkjer, og brurpikerna skulde rydja opp etter flattsenger både inne og i låa og få alle senggakle på plass.

Då dette var fråseggt skulle alle desse hjelpesfolket sessast ved langbordet i stova, med kokken i høgsate. Då var det brura som varta opp. Trakteringa var alleslags gode leivningar etter brudlauget. Til sist sjenkte brudgommen dei alle kvarsin dram og takka for hjelpa.

39. Det var fast skikk at gjestene i grenda sende fodne til brudlaupsgarden om brudlaupsafta millom middag og non. Gjester som budde lenger burte tok med seg ~~fodna~~ fodnena når dei kom. Det ein bruka som fodne var ryome, smør, sötost, raundraule, kjøtlår og fodnabröd. Der var inga fast vis for kor mykje kvar skulde fodna, det gjekk noko etter råd og hjartelag. Ein gav jammast to ting kvar, t. d. ein sötost og to kamme ryome, eller eit fodnabröd og 8 merker smør, eller eit kjøtlår og ein ambar raundraule.

40. Fodnasmöret vart til vanlig sendt i vanlig smörambar. Det var i brudlaupsgarden ein sette det til på smörstettar

eller forma det i smørform.

41. At bemannen samle inn kjøtt eller anna når han bad til brudlaups har ein ikkje høyst.

42. Den mat ein sende som gáva til brudlaup kalla dei fodne. Å gjera det kalla ein "å fodna".

43. Det vanlige var at tenestjenta eller vaksi dotter fekk gå med fodnena når husbondefolka skulde til brudlaups. Mor til brur eller brudgom tok imot fodnena.

44. Dei som kom med fodne vart bedne på brurahuset først og fekk sjenk av brura. Dei skulle og verta synte det beste av brura sitt utstyr. So vart dei i ei stova skakterte med klingefat og kaffi. Ein kalla dette fodnalag.

45. Det var vanlegt å bera fodnena i ein firkanta kvit linduk dei kalla fodnaplagget. I dette vart der lagt 6 smurde kaker av kvar sort, bakstekaker og fromsakaker som ~~so~~ so fodna tausene fekk med heimatt.

46. Det var nødrane til brurfolka som hadde plikt på seg til å sjå etter at heimattsendinga vart skapleg fråseg gjord. Ellers laut det vera ei av dei vurdeligste kløvakonene. Dei som baka og stekte kaker, stelte med maten og baden på bordet i brudlaup og andre verkapp var kalla kløvakane.

47. Det siste brudlaupet her i bygda med brudlaupsafta og som varde på tredje dagen var i 1913. Det neste hadde vore 1901.

48.49. Heilt frå før hundraårskifte reiste sümne par til byn og held som eit lite brudlaup nokre timar på hotel eller pensjonat. Sümne reiste til byn og fekk seg vigde, utan å ha noko slags selskap. Andre hadde eit lite familie-selskap den kvelden dei kom heim frå byn. Dei siste åra har dei fleste par vorte vigde i kyrkja her, og høvt eit lite brudlaup på kring 50 gjester. Det varer frå kvelden og utover natta. Siste matmålet er no og ryomegraut, kor stort eller lite selskapet er.

50. Dei som ikkje gjer brudlaup eller gjestebod får inga brudlaupsgåvor utan nett hos foreldre og syskin.

51. Ein har ikkje høyrte om at bygdefolk held fest på årstagar for brudlaupet. Ikkje før der er gått 25 år. Og sjølv då er festen berre innan familien. Men dei aller fleste lest aldri gå den dagen heller. Sümne spandera ein bytur på seg den dagen. Dei som når i å ha gullbrudlaup brukar å samla slekt og venner om seg til fest.

E. Gravøl.

52. Ein bad slektningar bå nær og fjerr. På gardane bad ein mann og kona og kårfolk i begrenda. Hos husmennis vart dei bedne å koma eit av dei, anten mannen eller kona. Det var jamnast næraste

grammen til sjondarturet eller ein nærbuande sletning som gjekk kring og bad til sjondart. Før i tida var det eit velika „kver“, for då skulle bearen innbedast og ha dram i kvar heim han var imom. Før bad dei til sjondar to dagar i førevegen. No bed dei dagen föreåt.

53. Ein har ikkje høyrte om at ei sjond varde meir enn ein dag nokor tid. Men før då dei bruka å ha öl og dram kunde dei halda på langt utover kvelden, og natte med, før det vart slutt.

Ein bruka å ha fem matmål ialt.

54. Ein bruka å ha langbord og benker i stovene. Første målet var klinge-fat og kaffi. Andre målet var smør, fisk, gudlabrød og drave. Etter ein kom frå kyrkegarden var det kjøt og sodd. Fjerde målet var klinge-fat og kaffi. Femte var det smør, fisk, gudlabrød og öl.

55-~~56~~. Ein har ingenting høyrte om dette her.

56. Ein har høyrte dei kalla det andre måltidet for reisemåle.

57. Dei aller fleste hadde plass roke i egne hus. Vart stova for lita sette dei inn bord i bu og på loft. Hos husmenn held dei sjonda på den garden dei låg under.

58. Gjestene hadde sendinga med seg når dei kom. Det var eit spand mjølk og eit kjøtlår eller eit fodnabrød.

59. Kjøtlemur og fodnabrød var prakka inn i kvite fodnaplazz.

60. Sjå 58.

61. Var sjonda etter ein ungdom eller ugift so vart fisken servert attåt klingefatet til første mål. Andre målet var då mjølkegraut med smørava. Det var sagt det skulde vera for bruragrauten. Etter kyrkjerisa var matmåla dei same som elles.

62. Ein kjemur ikkje til flere dags gravøl herikring. Men ein kan fortelja om ymse overgangsformer til enklare skikker. Frå 1890-1900 og framover vart det litt etter litt slutt å ha kjøt med gravferder. Å ha med fodnabrø held seg noko lenger. Mjølke tok ein med til kring 1920, då vart det slutt med å ha graut eller draule i sjond. Ein hadde då berre smørbrød og kaffi for kyrkjerisa, og middag med kaffi etterpå.

Under siste krig med den streng rasjonering vart det slutt med all traktering for ein tiste på kyrke garden. Men då dei kom vart der traktert med rauddraule. Alle i gjenda hjelpte til med mjølke til draulen. No etter krigen held ein fram med å ha traktering berre når fylgje kjem att frå kyrke garden. Men no er det smørbrød og kaffi som vert servert

63. Jengen minnst no at nokon brygga öl heime til noko verenskap. Der hadde

i lange tider vore gastgjeveri i granne-
bygdene her, og derifrå fekk ein ølet. Når
desse stadenem miste ølretten sin eller
opphøyrde vart det slutt med ølet i
gravferder. Kring 1900-1910 vart det slutt
med dramsen og.

64. Å gjy fodne vart slutt pålag sam-
stundes for syond og brudlaup.

65-66-67. Svara er i 62 og 63. Ein brukar
aldri nokoslags alkohol i gravferder no.

68. Det er enno skikk her i bygda at
ein mann går kring i grenda og ber
til syondar. Men siste åra har sume
teke til å fylgja med til kyrkjegarden
i bedne. Dei vert og innbedne til
trakteringa. I de grannebygder her,
Strandvik og Savareid har dei no i fleire
år berre bede til syondars ved å setja
opp plakatar om at dei som vil fylgja
er velkomne. (Bygdene her har inga lokal-
avis. Ein har berre Bergensblada.)

69. Her er pålag tretti år sidan ein såg
første dødsannonse her og bygda i avisa.
Men er det ikkje på langt nær alle
som brukar gjera det.

F. Mye fester.

17.

70. 17. mai. Først ein minnest var det i same heimar bruka å ha mjølkegraut eller rjonegraut og spekekjøtt til middag 17. mai. Flis tok etter, og skikken spreidde seg. Dei første 17. mai-festane her var i bygda vart der servert berre smørbrød og kaffi. Men dei siste 40 åra har der etterpå prosesjon og tala vorte servert ravedraule. Om kvelden (natta) vart der servert smørbrød og kaffi.

71. Det var i 1937 første morsdagsfesten var halden i losjekuset her i bygda. Same heimar hadde nok høgt familiefest før. Under krigen var det inga festing. Seinare hadde bygda morsfest eit par år. Men siste tre åra har her ikkje vore bygdefest på morsdagen. Ein meiner der i alle heimar er fest den dagen med beste slags mat, og blommar og gavor til mor.

72. Ein har ikkje høyrst om at der i nokon heim vart feira farsdag. Er det på tale millom folk vart det berre åtlett og gjort opp i narr, so det er rådlaust å nemna.

73. Til morsdagen er det bløtkaker både i heimen og ved bygdefester.

74. Ein hadde høyrst og lese i blada om at ein den dagen bruka å ha bløtkaker andre stader, og dermed vart skikken opteken her og.

75. Det var blada og radioen som gjorde ein kjende med desse dagane.